

EISEMO  
ugagn





1. Tore 3:47
2. Guten min 3:46
3. Døde blommar 2:43
4. Stev frå Haugtussa 2:50
5. Heiemo 4:56
6. Haugstaddsut 2:48
7. Lengt 4:08
8. Friar 2:14
9. Sut hev eg bori 2:13
10. Kvi ror du så fort 1:52
11. Han kan skjemt' å ver' gla' 2:05
12. Sven Svane 2:31
13. Vesle jenta 2:31
14. Tusen tanker 3:39



I 2009 drog Bård Bjørke på sin årlege studietur til Granada, for å møte lærereisteren sin i flamencospel. Med seg i bagasjen hadde han opptak av stev frå Haugtussa. Dette var ei innspeling av Sigrid Berg, som i ein alder av 25 år ikkje hadde opptreidd for meir enn ei handfull menneskje. Og knapt det. I løpet av opphaldet oppsto det som skulle bli grunnmuren i Ugagn sitt lydfilete. Men det heile starta ikkje før eit år seinare, då Erik Sollid fullførte trioen med sitt særeigne spel og evne til å formidle både nye og gamle tonar. Ugagn var i gang.

Med røter i Setesdalstradisjonane bygger Ugagn arrangemente sine på kjelder som Svein Hovden, Gro Heddi Brokke og lokale diktarar. Samstundes ber debutalbumet preg av å vere i tradisjon etter Kirsten Bråten Berg, mor til vokalist Sigrid Berg.

Det er ikkje noko nytt å kombinere folkemusikk frå ulike land, men ideen om å la musikk krysse landegrensar blir likevel aldri oppbrukt. Slik harmoniserer også tonane frå Setesdal med musikken frå sørlige strøk, og det er dette som er lyden av Ugagn.

## Tore

TEKST: GUNNAR RYSSTAD  
MELODI: TRAD./GRO HEDDI BROKKE  
ARR.: BÅRD BJØRKE

Langt i frå folk, langt inn å hei,  
der site ei gámo káne.  
Daganne styttast mei å mei;  
hu ser inkje sol hell måne.  
Eisemo, eisemo Tore  
likevæl lengtar ti jole.  
Notti æ trå  
å dagann æ grå. –  
Ko lengje æ det ti jole?

Svårte-dauen hev fare kring  
å fyre se fokkji sopa.  
Eisemo studrar ho, stakkars ting,  
hu ser kje ko ramne-hopa.  
Eisemo, eisemo Tore  
likevæl lengtar ti jole.

So li de utive ti solkverv-dag,  
då tikj' 'u at dagann lengjast.  
– Jau no lyt eg heim i jole-lag.  
de kunna, de kunna trengjast.  
Eisemo, eisemo Tore  
likevæl lengtar ti jole.

So kjem hu mæ stræv heim å Vikhei-kleiv  
å ser n'i dei djupe dala.  
Då syng det i deildi mæ Ingejeiv  
å so ti 'enn Tore talar:  
– Dike di, dike di Tore!  
Bake di brau ti jole!

Å so helt hu jol på vidde hei.  
hu visste kje, heime va øye.  
Hu totte, hu va kje eisemo mei  
si steinann veit jol so nøye.  
– Dike di, dike di Tore!  
Bake di brau ti Jole!  
Notti ei å daganne tvei  
so lengje æ de ti jole!

## Guten min

TRAD. FRÅ «STEV FOR DAGEN» K. B. BERG, A. RYSSTAD.  
ARR.: BÅRD BJØRKE  
KOR ARR.: NIELS J. RØINE

En svårte blome så ha ho funni  
mæ Varvasstrondi der ha han runni.  
Han sto der midt i en rymeveg  
va' de 'kje undeleg den va der.

Eg fann en blome i lii bratte  
eg slengd han ne, fann han alli atte  
No gjeng eg sukkar å græt i løynd  
for så ven en blome var alli gløymd.

Som skåleblomen i grøne engji  
æ guten min i blant aire drengji.  
Som skåleblomen blant grøne strå  
Ja, so æ guten min utifrå.

I dansen batt me dei dulde bånd  
han heldt meg harar hell rett i hændi.  
I dansen batt me dei dulde bånd  
som alli løysast av noko hænd

Stilt å drøymande gjenge livi  
som bylgja sildrar i gjenom sivi.  
Skjult å løynd som den fisk i kav  
laut ho løynd den elsk ho i bringun bar.

## Døde blommar

TEKST: TOR JONSSON  
MELODI: TRAD.  
ARR.: BÅRD BJØRKE

Mora bar barnet i blomeeng  
– Byssan, barnet lite. –  
Og alle blomane gav ho namn  
og batt ein krans av dei kvite.

Guten vart stor og han tråkka ned  
alle blomane bjarte.  
Det døydde roser i kvar ei røys.  
Og alle trea var svarte.

Einsleg går guten på haustkald jord,  
– døden har hausta si grøde.  
Han ville binde ein minnekrans.  
Men alle blommar var døde –

## Stev frå Haugtussa

TEKST: ARNE GARBERG  
MEL.: FRITT ETTER HILDUR ØYGARDEN  
ARR.: BÅRD BJØRKE

Den galne guten min hug hev dåra,  
eg fangen sit som ein fugl i snåra;  
den galne guten, han gjeng so baus;  
han veit, at fuglen vil aldri laus.

Å gjev du batt meg med bast og bende,  
å gjev du batt meg, so bandi brende!  
Å gjev du drog meg so fast til deg,  
at heile verdi kom burt for meg!

Å du, som bur meg i hjarta inne,  
du magti fekk yver alt mit minne;  
kvar vesle hugsviv som framum dreg,  
det berre kviskrar um deg, um deg.

Um soli lyser på himlen blanke,  
no ser ho deg, det er all min tanke;  
um dagen dovnar og skoming fell:  
skal tru han tenkjer på meg i kveld?

## Heiemo

TRAD. ETTER KIRSTEN BRÅTEN BERG  
ARR.: BÅRD BJØRKE

Heiemo kvad det song i li,  
vakna dikko ædelege drengje.  
Det hørde nykkjen på havet skri,  
for de hev sove tidi for lengje.

Nykkjen han tala til styringsmann,  
du styrer mitt skip på kriste land.

Då han kom seg på kriste land,  
Då skapte han seg til ein kristen mann.

Så gjenge han seg i stoga inn,  
me håge hatt og blome kinn.

Heiemo hendan i tårinne tvo,  
sko eg fye nykkjen i saltan fjord.

Heiemo tenkte med sjøve seg,  
tru mine små knivar hjelper 'kje meg.

Her ligge du nykkjen å renne blo',  
men ennå trør eg mine jomfru sko

## Haugstaddsut

TEKST: TARJEI BJØRGULVSON RYSSTAD  
MELODI: ERIK SOLLID

Åleine inne i dette rom  
dei fire veggene stengjer.  
d' er kvelden og lampa hev brunne tom,  
men enno lyser det frå ein blom  
som myrkaste myrkret sprengjer.

Lyser i minne so ven å rein  
som berre blommar kan gjere.  
Heil og halden, og utan mein,  
skir som doggi på grøne grein,  
å minnet mun heilagte vere.

Eg fann deg blomen i grøne skog  
der lengten meg dreiv og jaga.  
Du var den som lokka nog,  
fram til vilje og dåd meg drog.  
– Det var mine ljøaste dagar

Og du var blomen, mi fagre møy,  
du hadde så trugi ei tunge.  
Eg yngste tidt at me slapp å døy,  
slapp å visne som gras til høy,  
og at me var evigt unge.

Men burt du visna min fagre blom  
det skar i mi bringe unge.  
Eg såg mi framtid så myrk og tom,  
– reddest å stige og tenkje meg om –,  
Å du, det var dagar tunge.

Ja, tidi lækte mitt hjartesår,  
der grodde den sorgrøynde gleda.  
Men enno meines eg kvar ein vår  
når unge gjentor me blom i hår  
på leikvollen dansa og kveda.



## Lengt

TRAD. FRÅ «STEV FOR DAGEN» K.B BERG, A. RYSSTAD.  
ARR.: BÅRD BJØRKE

Den lisle jenta sat ne mæ strondi  
ho stude hovudi av ni hondi.  
Ho sat å såg ut å bylgjun blå  
det va nog si framti ho gråna på.

Eg lengtar, lengtar, eg gjenge drøymer  
fysst lauvi sprette å fossan fløymer.  
Ko hugjen felar eg alli veit  
men han æ som logande elden heit.

Eg vill eg va der eg ville vere  
då va kje suti så tung å bere.  
Eg vill eg va der eg ville sjov  
å det va mæ Nomelands iviro.

No sprette lauvi no grønkær engji  
no batnar suti eg bar så lengji.  
No gjele gaukjen i Andvorsli  
å no batnar sári i bringa mi.

Hei, hipp så knipsar eg so mæ fingjen  
å slengjer suti mi hågt i vinden.  
Eg stundom trallar å stundom kve  
så fær alli grådisen tak å me.

## Friar

TRAD. ETTER KIRSTEN BRÅTEN BERG  
SLÅTT. JENTEBEDRAGAREN  
ARR.: UGAGN

Å ja om det sku' koma en friar te' meg  
for eg veit vel sikkert det gjere no vel det.  
Ja då sill han 'kje slepp innom dynni te meg,  
tru meg trutt, tru meg trutt  
tru meg sikker på det.

Å ja um han sill slepp innom dynni te' meg  
for eg veit vel sikkert han gjere no vel det.  
Ja då sill han 'kje slepp opp i sengji te meg,  
tru meg trutt, tru meg trutt  
tru meg sikker på det.

Å ja om han sill slepp opp i sengji te' meg  
for eg veit vel sikkert han gjere no vel det.  
Ja då sill han 'kje slepp under fellen te meg  
tru meg trutt, tru meg trutt  
tru meg sikker på det.

Å ja om han sill slepp under fellen te' meg  
for eg veit vel sikkert han gjere no vel det....

## Sut hev eg bori

TRAD. ETTER SVEIN HOVDEN  
ARR.: UGAGN

Sut hev eg bori hjuringji vori  
kasta bort kjyri i grøne li.  
Tårune runni leita men funni  
Klavalin snille kyri mi.

Grase hev vikna blomane blikna  
snjoen driv rundt i fjell og li.  
No må me nytte ti'i å flytje  
heimatt te logne fagre li.

## Kvi ror du så fort

TRAD. ETTER KIRSTEN BRÅTEN BERG/ SVEIN HOVDEN  
ARR.: BÅRD BJØRKE

Kvi ror du så fort  
kvi ror du så fort  
du ungersvenn?  
Kvi må eg 'kji ro  
mæ 'grasi de' gro'  
i grønan eng.

Kvi ror du mot su'  
Kvi ror du mot su  
du ungersvenn?  
Kvi må eg 'kji ro  
som snekka ho snur  
mot grønan lund.



## Han kan skjemt' å ver' gla'

TRAD. ETTER KIRSTEN BRÅTEN BERG/ SVEIN HOVDEN  
ARR.: BÅRD BJØRKE

Han kan skjemt' å ver' gla'  
å sjå sutralaus ut.  
Han kan løyne eit sår i sitt sinn.  
Han kan vise seg gla'  
um han gjeng mæ ei sut.  
Han kan smile mæ tårir på kinn.

## Sven Svane

TRAD. ETTER KIRSTEN BRÅTEN BERG OG LENA WILLEMAR.  
ARR.: BÅRD BJØRKE

Sven Svane han ganger seg et stykke ut på veg,  
der møtte det hannem en vandringsmann.  
Å si meg min vandring hva jeg spørger deg  
og om du på de spørsmåla vil svare meg.

Hva er det som er rundere enn det rundeste hjul?  
Hva er de som er fagrest ut av all kreatur?  
Hva er det som er hvitere enn svanen?  
Og hva roper høyere enn tranen?

Jo solen den er rundere enn det rundeste hjul,  
og englen er fagrest ut av all kreatur.  
Sneen er hvitere enn svanen,  
og torden roper høyere enn tranen.

## Vesle jenta

TRAD. FRÅ «NORSKE FOLKEDANSAR»  
ARR.: BÅRD BJØRKE

Vesle jenta sat å venta på sin friar skulle koma.  
Vesle jenta sat å venta på sin friar skulle koma.  
Men då ho såg at han ikkje kom,  
då vende ho sine tankar om.

Vesle jenta låg å venta på sin friar skulle koma.  
Vesle jenta låg å venta på sin friar skulle koma.  
Men då ho såg at han ikkje kom,  
då vende ho sine tankar om.

## Tusen tanker

TRAD.  
ARR: UGAGN

Jeg går i tusen tanker,  
jeg elsker den jeg ei kan få,  
skjønt han i gleden vanke  
jeg derfor sørge må.  
Stor sorg var det jeg deg ei fikk,  
som jeg har hatt så kjær.  
Så mange falske mennesker  
årsaken dertil er.

O, havde jeg ei skuet  
ditt ansikt og dine øyne blå.  
Og havde jeg ei kommet  
til landet der du var,  
da hadde jeg været lykkelig  
å fri fra sorg og kval.  
Den dag kan aldri komme  
som gjør mitt hjerte glad.

Se blomsterne de skønne  
på vårens marker deilig star.  
Jeg sørger meg til døde  
for den jeg ei kan få.  
Ja om jeg da i døden går,  
da bliver sorgen din.  
Nei aldri ut i verden,  
går du ut av mitt sinn.



In 2009 Bård Bjørke went on his annual trip to Granada to study with his flamenco music teacher. In his baggage, he had a recording of stev from Haugtussa. This was a recording of Sigrid Berg, who at the age of 25 had not performed for more than a handful of people. And hardly that. Over the course of his stay, the foundation of Ugagn's sound began to emerge. But the whole thing did not begin until the following year, when Erik Sollid completed the trio with his distinctive playing style and his ability to interpret both new and old tunes. Ugagn was under way.

With roots in the Setesdal traditions, Ugagn builds their arrangements on sources like Svein Hovden, Gro Heddi Brokke, and local poets. Their debut album also bears the impression of being in tradition after Kirsten Bråten Berg, mother of vocalist Sigrid Berg. It's nothing new to combine folk music from different countries, yet the idea to allow music to cross national borders is never exhausted. In this way, the tunes from Setesdal harmonize with the music from southern areas, and this is the sound of Ugagn.



SIGRID BJØRGULVSDOTTER BERG vokal

BÅRD BJØRKE gitarer + kor

ERIK SOLLID feler + kor

MARTIN LANGLEIE

perkusjon «Guten min» og «Lengt»

Innspilt hos Strype Audio

Produsert av UGAGN og Niels J. Røine

Tekniker, mix og mastering: Audun Strype

Foto cover: Ingvild Skeie Ljones

Tegning cover: Ronja Svennig Berge

Coverdesign: Eva Karlson

Produksjonen er utgitt med støtte fra Fond for utøvende kunstnere, Valle kommune, Valle sparebank, Coop Hylestad, Bergsam og Rysstad Laftebygg.

**ta:lik**

TA106CD ©Talík 2012 info@talik.no [www.talik.no](http://www.talik.no)